

# Miljøpartiet Dei Grøne

## Arbeidsprogram 2009–2013

Nynorsk

Vedteke på landsmøtet i Stamsund, 6-8. mars 2009; Revidert på landsmøtet i Oslo, 9-11. april 2010 og landsmøtet i Trondheim, 1-3. april 2011.

Arbeidsprogrammet for stortingsperioden 2009–2013 bygger på prinsippprogrammet, vedteke på landsmøtet i Stamsund 2009. Neste revisjon av arbeidsprogrammet vert i 2013.

### *Innhald*

1: Hovudliner i grøn økonomi	2
2: Trygg inntekt og bustad	3
3: Energi	4
4: Ut av oljealderen	5
5: Samferdsle	6
6: Kultur for engasjement	6
7: Utdanning	8
8: Digitale rettigheter	9
9: Helse	10
10: Økologisk landbruk	11
11: Økologisk sjøbruk	12
12: Dyrerettigheter	13
13: Stopp utryddinga!	13
14: Utvikling på egne vilkår	14

# ***1: Hovudliner i grøn økonomi***

## ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. Å innføra nasjonale mål på økologisk berekraft og livskvalitet som utfyller BNP.
2. Å oppretta eit berekraftdepartement som er overordna dei andre departementa.
3. Ei avklaring av kva område private selskap kan verka på og kor store dei kan bli.
4. Innføring av ei internasjonal avgift på handel med verdipapir, som skal øyremerkast globale miljøtiltak for å redusera klimagassutslepp.
5. Langt strengare regulering av finanssektoren, med sikte på eit sunnare og betre samsvar mellom real- og finansøkonomien.
6. Forbod mot shortsals av aksjar på Oslo børs og mot etablering av hedgefond i Noreg.
7. Utreiing av alternative system for rente- og valutapolitikk.
8. Samarbeid med fagrørsla om forsøk med tariffavtalar der redusert arbeidstid erstattar reallønsauke.
9. Å sikra offentleg eigarskap og politisk kontroll med infrastruktur og velferdstenester, energi og drikkevatt.
10. At New Public Management vert avvist som prinsipp i offentleg sektor.
11. Å erstatta EØS-avtalen med ein eller fleire demokratisk jambyrdige handelsavtalar.
12. Å få WTO, Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet inn under FN, der dei må støtta opp om FN sitt øvrige arbeid.
13. Å setta eit nasjonalt tak på arealbruk og uttak av lagerressursar til næringsføremål.
14. Å allmenngjera prinsippa for rettferdig handel til å gjelda alle importvarer.
15. Å styrka økologiske og sosiale mål i selskapslovgivinga.
16. Ei utvida norsk arbeidsmiljølov med solidaransvar som hovudprinsipp; å auka fagorganiserte sin innsynsrett i arbeidsforholda; å jamstilla turnus- og skiftarbeid; reell likeløn; ingen aksept for sosial dumping.
17. Reell lønsutjamning til fordel for tradisjonelle kvinneyrke, inkludert like vilkår for turnusarbeid i helse- og sosialsektoren og skiftarbeid i industrien; kjønnskvotering i yrke der eitt kjønn er vesentleg underrepresentert; samarbeid med relevante forbund for å betra kåra for alle marginaliserte grupper i arbeidslivet.
18. Avvikling av meirverdiavgifta (moms) på økologiske varer, gjenbruk, kollektivtransport og andre miljø- eller helsegunstige varer og tenester.
19. Innføring av pant på ei rekke produkt, t.d. kjemikalier, kvitevarer og elektronikk.
20. Auka krav til produktkvalitet; utviding av garantitida på varer som kan lagast meir haldbare enn i dag, t.d. elektronikk, kvitevarer og sportsutstyr.
21. Ein næringspolitikk basert på aktive politiske prioriteringar av gunstige sektorar og teknologiar, t.d. ENØK og rein ny energiteknologi istaden for fossil energi.

22. Ei sterkt progressiv og felles skattetrapp for løns-, kapital- og alle andre slags inntekter; ei sterkt progressiv skattetrapp på formue; minstefrådrag på 2G i inntektskatt og 30G i formueskatt; avvikling av rentefrådraget utover 20 G.
23. Å avvikla arbeidsgivaravgifta.
24. Sosial profil på alle miljøtiltak (jf. 4: *Energi*).

## **2: Trygg inntekt og bustad**

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

#### **Utjamning og samfunnsløn**

1. Ei sterkt progressiv og felles skattetrapp for løns-, kapital- og alle andre slags inntekter; ei sterkt progressiv skattetrapp på formue; minstefrådrag på 2G i inntektskatt og 30G i formueskatt.
2. Å utgreie ei ordning med samfunnsløn, der samfunnsløna vert lik minstefrådraget på skatten, eller 2G. Ei samfunnsløn vil heilt eller delvis erstatta i ei rekke trygde-, stønads- og stipendordningar, samtidig som alle kan gjera krav på ho på visse vilkår.
3. At bl.a. kontantstøtte skal erstattast av samfunnsløn, men at barnetrygd kjem i tillegg, eventuelt som «barneløn». Ordninga med 2-årig kontantstøtte må videreførast inntil ei samfunnslønsreform er på plass.

#### **Eit ubyråkratisk og fleksibelt trygdesystem**

4. Å styrka førstelinja i NAV kraftig, slik at færrest moglege saker må sirkulera i systemet før vedtak. Alle som er langtidssjukemeldte skal ha ein lovfesta rett til oppfølging og første behandling innan 14 dagar etter vedteke sjukemelding.
5. Å opna for uføretrygding i mindre brøkar enn 50%.

#### **Inkluderande arbeidsliv**

6. At høg alder aleine ikkje skal vera lovlig grunn for oppseiing.
7. At offentleg sektor skal tilby meir fleksible arbeidstider og stillingstypar.
8. At ein arbeidstakar skal kunna ta fri i opp til 12 månader med utbetaling tilsvarande 85 % av dagpengar, viss det finst ein arbeidslaus som kan vera vikar i perioden.
9. At arbeidsgivarar som tilsett funksjonsnedsette utan vidare skal få økonomiske og tekniske ressursar for tilpassing av arbeidsplassen.
10. Å gjera ordningan med funksjonsassistanse permanent.

#### **Rusreform**

11. Å oppretta tverrfaglege mottaks- og oppfølgingsssenter for personar med rusproblem, i tilknytning til dei distriktspsykiatriske sentra.
12. At varig bustad til rusmiddelavhengige skal vera ein del av behandlingssopplegget, og finansierast av mottaks- og oppfølgingsssentra.

#### **Rimeleg bustad alle**

13. At NAV skal stilla depositum i staden for sosial garanti.

14. At kommunale eller ikkje-kommersielle utleigebustader skal utgjera 25 % av nybygginga; En kraftig auke i rammene til Husbanken trengst for å nå dette målet.
15. At Husbanken i større grad skal medfinansiera kommunale oppkjøp av husvære i storbyområda.
16. At Husbanken berre skal gi lån til oppføring og kjøp av utprega nøkterne bustader.
17. Radikal forenkling av bygningsdelen av og teknisk forskrift til Plan- og bygningslova, for å gjera det mogleg å bygga enkelt, miljøvenleg og billeg, og leggja til rette for meir sjølvbygging.
18. At retten til rentefradrag i skatten vert avgrensa slik at ein berre får frådrag for lån opp til 20 G. Dette vil hindra at utsikter til rentefrådrag kan verka med til å driva bustadprisane i vèret.

### **Vern mot gjeldsslaveri**

19. Strammare regulering av utlånsvilkåra til private bankar og bustadselskap. Vi meiner ingen er tente med at folk får meir lån enn dei kan makta å betala ned.
20. Et fast tak for rentesatsen på forbrukslån, definert i høve til styringsrenta i Norges Bank.

## **3: Energi**

### ***Miljøpartiet De Grønne vil arbeide for:***

1. At all energipolitikk vert sett i samanheng med økonomi og forbruk generelt.
2. Ein ny «Kyoto-avtale» der alle land er med, og der eit tak på samla globale utslepp som inneber global klimanøytralitet i 2050 ligg til grunn; at hovudfokus for utsleppsreduksjonane vert på dei t.d. 10 000 største globale punktutsleppa og tilhøyrande konsern/statar, med oversiktlege og reelle nedtrappingsplanar finansierte i felleskap.
3. At Noreg uansett global avtale set opp ein nasjonal plan for klimanøytral sjølvforsyning med all stasjonær og mobil energibruk innan 2020; at planen skal talfesta sektorvise utsleppsmål i absolutte tal på CO2-ekvivalentar; at ENØK i vidaste forstand må prioriterast før nyproduksjon av rein energi.
4. At Noreg om mogleg samarbeider med naboland om regional klimanøytral sjølvforsyning via ikkje-kommersielle forpliktande avtalar – også her må ENØK prioriterast først.
5. At tiltak i fjernare land (t.d. CDM-tiltak) må koma i tillegg til slik sjølvforsyning.
6. Å innføra krav om at ein del av energibruken i alle store nybygg skal dekkast av alternativ lokal energi (t.d. bio- sol-, berg- eller havvarme, vindmøller).
7. Å trappa opp moderniseringa av eksisterande vasskraftverk for å auka effektiviteten.
8. Positivt fokus på vegetabilsk mat; redusert kjøtproduksjon.
9. Utprøving av topprissystem og/eller personkvotar som erstatning for avgifter på straum.
10. At klimatiltak skal utformast slik at dei ikkje råkar sosialt skeivt.

## ***4: Ut av oljealderen***

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:**

1. Eit 20-års moratorium mot leiting etter nye olje- og gasskjelder på norsk territorium.
2. Gradvis nedtrapping av eksisterande petroleumsverksemd på norsk sokkel; at statlege selskap vert pålagt å følgja opp dette også utanlands, inkludert å trekka seg frå dei verste påbegynte prosjekta som t.d. tjæresandproduksjon i Canada.
3. Varig vern mot all petroleumsverksemd frå Lofoten og nordover, inkludert Barentshavet og Svalbard.
4. At staten bruker eigarskapen i selskap som StatoilHydro til å gå i front for ny energiteknologi.
5. Å skrinlegga alle planar om fleire olje-, gass- eller kolkraftverk i Noreg.
6. At utvikling av teknologi for CO2-fangst (CCS) vert overlata til land som er tungt avhengige av fossile energikjelder, medan Noreg konsentrerer seg om dei reine energikjeldene vi er rike på.
7. At «oljefondet» vert omdisponert til investeringar innan energi, infrastruktur og grønt næringsliv i Noreg, til internasjonal forskning innan klima- og miljøvenleg teknologi og økonomi, og til naudhjelp og utvikling i u-land.
8. At eksisterande utvinning av olje og gass vert pålagt å overkompensera for eigne utslepp slik at verksemda vert klimanegativ.

## ***5: Samferdsle***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. Å skrinlegga alle vegprosjekt med unntak av reine nærmiljø- og tryggingstiltak, og vegar der kollektivløysingar ikkje utgjer noko reelt alternativ.
2. At by- og tettstadutvikling skal planleggast for redusert dagleg behov for privatbil, med felles garasjeanlegg utanfor bumiljøet.
3. Utprøving av topprissystem og/eller personkvotar som erstatning for miljøavgifter i samferdslektoren, innanfor rammene av sektorvise utsleppstak.
4. Forbod mot nysal av reine bensin- og dieselbilar frå 2013.
5. Snarleg forbod mot nysal av personbilar med CO<sub>2</sub>-utslepp utover 250 g/km; gradert eingongsavgift frå 70-250 g/km; same reglar for miljøsertifisert biodrivstoff.
6. Utgreiing og innføring av liknande opplegg for større køyretøy, sjøfart og fritidsbåtar som skissert for personbilar.
7. Fjerning av årsavgifta og frysing av drivstoffavgifta, til fordel for fleksibel vegprising som aukar med betre kollektivtilbod.
8. Lågare fartsgrenser på vegane av omsyn både til miljø og tryggleik.
9. Å leggja til rette for at all godstransport kjem over på bane der dette er eit reelt alternativ.
10. Å skrinlegga alle planar om flyplassutbyggingar.
11. Vesentleg billegare kollektivtransport.
12. Eit nettverk av nye høgfartsjernbanar på strekningane Oslo-Bergen/Haugesund/Stavanger, Oslo-Kristiansand, Oslo-Trondheim/Ålesund, Oslo-Gøteborg, Oslo-Stockholm og Trondheim-Narvik-Tromsø, med sikte på fullføring innan 30 år; opprusting av lokale og regionale jernbanar i tilknytning til høgfartsnettverket; elektrifisering av alle jernbanestrekningar.
13. Å leggja til rette for at gang- og sjukkeltransport vert eit reelt alternativ i alle byar og tettstader.

## ***6: Kultur for engasjement***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At lokale og nasjonale val ikkje skal samlast; at røysterrettsalderen vert 16 år ved lokalval.
2. At retten til kommunalt sjølvstyre vert grunnlovsfesta.
3. Oppretting av eit ope tilgjengeleg lobbyregister for Stortinget.
4. Ein fast årleg runde med folkerøystingar om viktige einskildspørsmål frå Stortinget og frå kvar kommune.
5. Eit moratorium mot nye lovpålagde oppgåver for kommunane.
6. Å gi kommunane reell rett til å fastsetja satsen for kommunal inntektsskatt.

7. At offentleg eigarskap i større mon skal utøvast direkte, og ikkje ved å skilja ut verksemdene som aksjeselskap.
8. At all grunn- og vidaregåande utdanning skal vera fri frå kommersielle interesser.
9. Reglar som i endå sterkare grad avgrensar eigarkonsentrasjon i mediabransjen.
10. Teksting av all norsk film på kino.
11. Støtte- og konsesjonsordningar som gjer at norsk film og film frå alle kontinent i større grad vert kjøpt inn og vist av kinoane og NRK.
12. Økonomisk styrking av og auka krav til folkeopplysning og kulturmangfald i NRK; avvikling av konsesjonsplikt for TV og radio når tekniske avgrensingar ikkje krev det.
13. Betre støtteordningar for kunstnarar og kunstorganisasjonar; oppretting av fleire kunstnarhus med gratis eller rimelege atelier og fellesverkstader.
14. Auka tilskot til offentleg kunst, mellom anna ved å auka den delen av byggekostnadene for offentlege nybygg som går til utsmykking; å styrka det kunstfaglege nivået i utsmykkings- og innkjøpskomitear; å auka det tverrfaglege samarbeidet.
15. Å innføra skattefrådrag til verksemdar og privatpersonar ved sponing eller kjøp av kunst.
16. Å sikra støtta til «smale» forlag og til omsetjing av utanlandsk litteratur.
17. Auka innkjøp av ny norsk skjønnlitteratur, slik at dei vidaregåande skulane kan få kvart sitt eksemplar.
18. Å gi folkebiblioteka auka ressursar til utlånsmateriell, brukarvenlege lokale og opningstider.
19. Eit godt og breitt kulturtilbod både via omreisande og faste institusjonar, profesjonelle tilbod og amatørgrupper.
20. Utgreiing av «verdsteneste» for auka kulturforståing, brubygging og fellesskap, der ungdom vel seg eit land og får eit års studie-/arbeidsopphald delfinansiert av det offentlege.
21. Å oppheva regelverk som spesifikt rammar rasistiske og blasfemiske ytringar.
22. Fullstendig sekularisering av stat og skule.
23. Å oppretta fleire ungdomsklubbar og allaktivitetshus; å leggja til rette for ulike ikkje-kommersielle arrangement på offentleg stad.

## **7: Utdanning**

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At det skal finnast barnehageplassar nok til dei som ønskjer det, men at foreldre skal ha reell fridom til å velja mellom å senda barna i barnehage eller ikkje og mellom heil- og deltidstilbod.
2. At ordninga med 2-årig kontantstøtte vert ført vidare inntil ein samfunnslønsreform er på plass. Av omsyn til integrering må barn av nye innvandrarak som gjennomgår introduksjonskurs få tilbod om integreringsstøttande tiltak i perioden.
3. At små barn får plass i barnehagen som ligg nærast bustaden, på same måte som større barn får grunnskuleplass.
4. At barn i barnehage får større høve til kontakt med vaksne av alle generasjonar.
5. At kommunane skal ha ansvar for å språktesta alle barn før dei fyller 5 år, og må syta for at barn med svak språkutvikling og/eller mangelfullt norsk talespråk får tilbod om ekstra støtte før skulestart.
6. At det skal vera høve til å etablera og driva ikkje-kommersielle private skuletilbod, inkludert skular som er forankra i livssyn så vel som skular som står for pedagogiske alternativ.
7. At skoledagane ikkje vert forlenga – og såleis at framlegg om «heildagsskole» vert viste attende.
8. At praktiske emne og oppøving av motoriske ferdigheiter må få ein større plass i heile grunnskulen, og at elevane på ungdomssteget får større høve til å velja praktiske valfag.
9. At banda mellom skulen og samfunnet vert styrka, mellom anna ved at elevane som ledd i undervisninga tar del i praktiske og samfunnsnyttige oppgåver.
10. At elevane får konkrete tilbakemeldingar om prestasjonane sine undervegs i læringsprosessen.
11. At det ikkje skal gjevast karakterar før på ungdomssteget.
12. At potensialet i differensiert undervisning vert utnytta betre, ved at kompetent personale, ikkje assistentar, skal ha ansvaret og stå for tilpassa opplæring og spesialundervisning.
13. At det skal gjevast undervisning på morsmålet til elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn, i tillegg til norskopplæring.
14. At det vert lagd til rettes for at elevar som går ut av grunnskulen får eit reelt val mellom å gå ut i arbeidslivet for kortare eller lengre tid, å velja ei teoretisk eller ei yrkesretta vidaregåande utdanning.
15. At yrkesskular, landbruksskular og andre spesialiserte yrkesretta skular får att namna.
16. At det skal vere eit samfunnstenesteår for alle ungdomar, anten i militær/sivilteneste, fredsteneste, landbruk, skogbruk, fiske, handverk, primærhelseteneste eller andre relevante stader.
17. At den statlege støtta til folkehøgskular minst vert halde oppe på dagens nivå
18. At støtte til berekraftige tiltak og til folkehøgskular med ein berekraftig profil vert prioritert.

19. At det vert innført klårare skilje mellom oppgåvene til universiteta, høgskulane og instituttsektoren, slik at oppdragsforskning og programstyrt forskning i hovudsak vert overlate til sistnemnde.
20. At universiteta vert finansierte gjennom offentlege grunnløyvingar og skal vera sjølvstyrande, òg når det gjeld forskingsmessige prioriteringar.
21. At kvantitativ målstyring og «teljekantsystem» vert avskaffa som styringsverktøy og finansieringsgrunnlag for universitet og høgskolar.
22. At det vert sett av årlege midlar til finansiering av forskingsprosjekt etter oppdrag frå organisasjonar i sivilsamfunnet.
23. At alle publikasjonar som er resultat av offentleg finansiert forskning skal gjerast gratis tilgjengelege for ålmenta.
24. At det vert oppretta eit eige institutt, gjerne knytt til eit universitet, som skal driva forskning på tverrfagleg grunnlag der ein ser spørsmål som gjeld natur, samfunn og økonomi i samanheng.
25. At studiefinansieringa skal vera god nok til at det er mogleg å studera på heiltid. Det skal likevel òg vera mogleg og akseptert at ein studerer på deltid og får praktisk arbeidsrøynsle parallelt med studia.

## ***8: Digitale rettigheter***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At det offentlege skal gå framom i bruken av fribrukslisensar som Creative Commons.
2. Støtte til utvikling av fri programvare.
3. Auka bruk av fri programvare i offentleg sektor, særleg i skulane.
4. Krav om at det offentlege berre brukar opne mediatypar, ikkje lukka standardar.
5. Å gjera offentlege kartdata gratis tilgjengelege for næringslivet og allmenta.
6. Å sikra nettbrukarar både yringsfridom og personvern, nasjonalt og internasjonalt.
7. Ei oppdatering av lovverket som gjeld identitetstjuveri.
8. Å redusera vernetida i opphavsretten, sidan denne i dag hindrar innovasjon, tilgjenge og beriking av kulturalmenningen.
9. At Nasjonalbiblioteket får rett til å klarera bruk av såkalla foreldreause verk, altså verk som er omfatta av opphavsrett utan at det er mogleg å koma i kontakt med opphavspersonane.
10. Eit system for årleg registrering og publisering av verk som fell i det fri når vernetida går ut.
11. Å gjera ikkje-kommersiell fildeling av musikk og andre medietypar lovleg, kombinert med ei lisensavgiftsløysing for betaling til utøvarar, produsentar og studio.

## **9: Helse**

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At all helsepolitikk vert sett i samanheng med andre sektorar i samfunnet, slik at førebygging vert teke langt alvorlegare enn i dag; intensivert helsefagleg forskning innan førebygging.
2. Å styrka samarbeidet mellom somatisk og psjukiatrik medisin, psjukologi og ernæringsfag; å senka terskelen mellom dei ulike profesjonane for pasienten; at dette skal gjenspeglast i grunnutdanninga av alt helsepersonell.
3. Eit breitt og udogmatisk opplysningsarbeid om mat og helse, basert på dokumentert kunnskap.
4. Sunn mat, inkludert vegetariske alternativ, i alle offentlige institusjoner; forbod mot brusautomatar på skular.
5. At staten ikkje skal involvera seg i «opplysingskontora» for kjøt og andre animalske produkt, men etablera eit næringsuavhengig opplysningskontor for mat og helse, som òg tek omsyn til dyr og miljø.
6. Å fremja forskning på vegetarisk/vegansk livsstil og vegetabilske matprodukt.
7. Auka forskning på helsekonsekvensar av elektromagnetisk stråling; offentlig kartlegging av elektromagnetisk stråling i alle kommunar; forbod mot trådlause nettverk i skular og barnehagar.
8. Eit offentlig helsevesen supplert av ikkje-kommersielle private verksemder; ei grundig revurdering av helseføretaksmodellen og bruken av stykkprisfinansiering.
9. Sentralisering av høgt spesialiserte oppgåver t.d. innan kreftbehandling; for øvrig robuste lokalsjukehus.
10. Avvikling av eigenbetalinga for helse- og tannhelsetenester.
11. Ei radikal styrking av det psjukiske helsevernet.
12. Å vidareføra den fortløpande vurderinga av «alternative behandlingsformer», med tanke på godkjenning av utdanning og trygderefusjon for behandlingsformer med dokumentert effekt.
13. At legemiddelfirma vert erstatningsansvarlege for skader som følgje av lovleg legemiddelbruk.
14. Vidareføring av dei trinnvise innstrammingane i røykelova, utan at det endar i rein kriminalisering; framleis streng regulering av alkoholomsetninga.
15. Avkriminalisering av personleg bruk av rusmiddel, men ikkje legalisert omsetning av fleire stoff enn i dag.
16. Eit langt sterkare ettervern for rusmisbrukarar, med eit mangfald av behandlingsmåtar.
17. Eit anstendig liv for dei som ikkje greier å bli rusfrie, òg når dette krev regulert medisinsk bruk av elles ulovlege rusmiddel.

## ***10: Økologisk landbruk***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. Nordisk sjølvforsyning med korn, poteter, frilandsfrukt og -grønnsaker, mjølk, kjøt og egg, inkludert sjølvforsyning med fôr, gjødsel, såfrø og energi til landbruket.
2. Styrka vern av dyrka og dyrkbar jord, både ved skjerpa handheving av jordlova og ved aktivt vern etter modell frå naturvernet. Støtta til ny- og gjendyrking av matjord må styrkast innan rammene av klimaomsyn og naturmangfaldslova.
3. Eit forenkla tilskotregime i landbruket, som medfører at eit årsverk gir om lag same inntekt som eit årsverk i andre yrke utan krav om høgare utdanning.
4. At det eineste direkte driftstilskotet vert basert på eit poengsystem som gjer at tilskot auker med 1) avstand til marknaden, 2) vanskelege klima-, jord- eller terrengvilkår, 3) omsyn til økologi og dyrevelferd og 4) meir bruk av arbeid framfor innkjøpt utstyr.
5. En fortsatt politisk prisregulering på matvarer, basert på forhandlingar mellom produsentane sine samvirkeorganisasjonar og staten.
6. Reduserte konsesjonsgrenser i den konvensjonelle fjørfe- og svineproduksjonen.
7. Avvikling av fritaket frå CO<sub>2</sub>-avgift på drivstoff i primærnæringane.
8. Avvikling av omsettelege mjølkkvotar. Kvotane skal følgja utøveren og tilbakeførast til staten når dei går ut av bruk.
9. Forbod mot dumpingsal av matvarer i grossist- og butikkleddet.
10. At staten i samarbeid med kommunane gjeninnfører beredskapslagring av matkorn for minst eitt års forbruk.
11. Å utvikla gjødselproduksjon basert på kloakkslam, til erstatning for kunstgjødsel. Det delstatlege selskapet Yara har her eit spesielt ansvar.
12. Styrking av Debio som kontrollorgan for økologisk verksemd; gratis økologikontroller; økologisk sertifisering for tekstilproduksjon.
13. At staten ikkje skal involvera seg i «opplysingskontora» for kjøt og andre animalske produkt, men etablera eit næringsuavhengig opplysningskontor for mat og helse, som òg tek omsyn til dyr og miljø.
14. Ei utvidet merkeforskrift for animalske matvarer, der det går tydeleg fram kva forhold produksjonsdyra har levd under.
15. Å oppheva forbodet mot dyrking av industriell hamp.
16. Fleire kolonihagar og skulehagar.
17. Fri prissetting på landbrukseigedomer; varig bu- og driveplikt i konsesjonslova; frysing av dagens arealgrenser for konsesjon.
18. Å innfør/utbreia regelverk for økologisk skogbruk, med vekt på bevaring av biomangfald og landskapsverdiar, energibruk og forbod mot giftsprøyting og kunstgjødsel; å endre tilskotsordningane i tråd med dette.
19. Innføring av strengare miljøkriterier ved tildeling av byggeløyve og tilskot til skogsvegar.

## ***11: Økologisk sjøbruk***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. Å gjenopna fiskeriallmenningen slik at alle kvalifiserte fiskarar får personkvoter innanfor vitskaplege fastsette totalkvoter; avvikling av privateigde/omsettelege kvoter.
2. Å avgrensa talet på fiskarar når avgrensa ressursgrunnlag krev det, ved at kvalifiseringa for kvotar føreset oppfylling av visse aktivitetskrav regulerte i fiskarmanntalet.
3. Å skjerpa inn reglane for fiskarmanntalet slik at det berre er reelle heiltidsfiskarar innan kvar flåtegruppe som har tilgang til open allmenning.
4. At råfisklova og deltakarlova skal oppretthaldast, med strenge grenser for kor mange fartøy eit rederi kan eiga.
5. Å redusera havfiskeflåten til fordel for berekraftig kystfiske.
6. Å utvikla den norske heimemarknaden for sjømat ved å oppretta eit fiskerisamvirke etter modell av landbruket, i tilknytning til fiskar- og fiskesalslaga.
7. Å etablera samvirke for foredling og distribusjon av lokal fersk fisk.
8. Ein vesentleg reduksjon av omfanget av fiskeoppdrett gjennom regulering av fôrproduksjonen.
9. Fiskefôr må berre baserast på avfall, ufisk og andreklasses kornvarer.
10. Større satsing på utnytting av vegetabilsk sjømat som t.d. algar.
11. Å støtta arbeidet med reell økologisk sertifisering av all sjømat etter modell av landbrukssektoren, i påvente av full økologisering av sjøbruksnæringa.
12. Auka forskning på marinøkologi, årsaker til og konsekvensar av nærings saltutslipp, endringar i botnvegetasjonen og innføring av nye artar.
13. Auka forskning på selektive og biologisk nedbrytbare reiskapar, energieffektive fartøy og miljøvenlege drivstoff.
14. At fangst- og avlivingsmetodar skal ta omsyn til forskning som fastslår at fisk kjenner smerte på line med fuglar og pattedyr.
15. Avvikling av kvalfangst og storskala kommersiell selfangst.

## ***12: Dyrerettigheter***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At grunnleggande rettar for dyr skal grunnlovsfestast, som retten til å få dekt basale behov og retten til vern mot overgrep.
2. Å flytta alt dyretilsyn til eit nytt dyreverndirektorat under miljøverndepartementet.
3. Full omlegging til økologisk landbruk og sjøbruk, med innskjerpa reglar for husdyrhald, dyretransport og plasskrav til oppdrettsfisk.
4. Å sikra alle husdyrartar tilgang på eit naturleg utemiljø; forbod mot alle former for husdyrhald der dyra vert haldne fanga i små rom eller bur.
5. Snarleg forbod mot bruk av forsøksdyr til forskning, undervisning og trening, som kan erstattast av dei mange gode alternativa som finst til slik bruk av dyr; forenkling av godkjenningsordninga for bruk av pasientmateriale til forskning.
6. Forbod mot dei verste formene for bruk av dyr til underhaldning, inkludert ville dyr i sirkus og «fang og slepp-fiske».
7. Å etablera hjelpesenter for heimlause dyr i norske byar; at ideelle organisasjonar skal få økonomisk støtte til å driva behandling og omplassering av dyr.

## ***13: Stopp utryddinga!***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. Ei auke i vernet av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar i tråd med vitenskaplege tilrådingar. 15 % vern av kvar naturtype er eit minstekrav.
2. Ei solid naturmangfaldslov som òg omfattar sjøbotnen.
3. Avvikling av dei minst selektive fiskemetodane, som t.d. havtråling; ein vesentleg reduksjon i omfanget av fiskeoppdrett ned til eit reelt berekraftig nivå.
4. Ei reform av rovviltpolitikken der samla utgifter til førebygging og erstatning av rovdyrskader vert gitt som faste beløp til kommunar og/eller grunneigarar som «husar» rovdyr. Støtta vert berre avhengig av rovdyrstal og -type, ikkje omfanget av husdyrtap, og kan nyttast til førebygging eller endra produksjon ut frå lokale val.

## ***14: Utvikling på egne vilkår***

### ***Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for:***

1. At norsk bistandsarbeid vert bygt på prinsippet om hjelp til sjølvhjelp, slik m.a. Utviklingsfondet praktiserer det; auka fokus på mikrofinans som supplement til større prosjekt.
2. At sjølvstendigjering av kvinner skal vera ein målsetnad i alt bistandsarbeid.
3. At minst 20 % av norske bistandsmiddel vert retta mot auka landbruksproduktivitet og tilgang på vatn.
4. At ein betydeleg del av det norske oljefondet skal brukast til utviklingsarbeid i FN-regi.
5. At retten til mat og matsuverenitet og FN-konvensjonen om biologisk mangfald ligg til grunn for alle handelsavtalar; utvikling av naudsynte tilleggsprotokollar og andre grep for å sikra nasjonal implementering av desse prinsippa. Sekundært ønskjer vi mat og landbruk ut av WTO.
6. Ein politikk med sterkare verkemiddel for fattigdomsreduksjon og utjamning globalt, med vesentleg kraftigare satsing på ei adekvat helseteneste for alle, også i fattige land.
7. Jordreformer til fordel for jordlause, småbønder og lokale felleskap; lokal eller nasjonal kontroll over jord, vatn, såvarer og teknologi.
8. Økologisk landbruk som strategi for å sikra matjord, vatn, biomangfald og lokal sjølvråderett; forbod mot GMO i landbruket; nei til patentrettar på planter, dyr, genar og gensekvensar.
9. Strengare regulering av kapitalrørsler over landegrensene; avvikling av skatteparadis.
10. At u-land får verna delar av marknadene sine med sjølvbestemte tollgrenser, særskilt innan mat og nystarta industri.
11. At staten og kommunane stiller krav til leverandørane sine om at varer og tenester er produserte i samsvar med produsentlanda si eiga arbeidslovgiving, og med grunnleggande menneske- og arbeidstakerrettar.
12. At Noreg vert den første Fairtrade-staten i verda.